


Postmottaket**Fra:** Harald Løland [Harald.Loland@Hjelmeland.kommune.no]**Sendt:** 11. desember 2003 15:20**Til:** Postmottaket**Emne:** Uttale Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket, Hjelmeland kommune**Bygdeutvikling
forvaltningsseksjonen**

Det kongelige landbruksdepartement
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

**Løpenr.**
009823/03**Arkivsaksnr.**
03/01673-004**Arkivkode**
V10**Dykkar ref.****Dato**
11.12.2003**UTTALE TIL FORSKRIFT OM TILSKUDD TIL NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I
SKOGBRUKET**

Hjelmeland areal- og forvaltningsutval handsama utkast til Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket 11.12.2003. Hjelmeland kommune stiller seg positiv til at tilskot og vedtak skal gjerast lokalt og med høve til å gjera prioriteringar og tilpasningar for kvar enkelt kommune. Intensjonane med forskrifta er såleis bra. I praksis tykkjer ein likevel at forslag til forskrift inneheld så vesentlege begrensningar at føremålet med lokal påverking delvis forsvinn.

Kapittel 2

I store deler av landet er ein avhengig av planting for å oppnå tilfredsstillande forynging. Skogbruket er ei langsiktig næring, og det som vert planta no gir ikkje avkastning før om 60-100 år. I område kor det er liten tradisjon for skogbruk, vil det vera vanskeleg å nå fram med budskapet om at planting/markberedning er tiltak som gir god avkastning. Formålet med tilskot til skogkultur er nett å "stimulere til oppbygging av kvalitetsskog". Utan eit godt utgangspunkt i form av markberedning eller planting vil ein ikkje nå dette målet. I utkast til ny skoglov framgår at ein vil framheve foryngingsplikta. Difor meiner ein det bør kunne opnast for tilskot til planting på lik linje med andre skogkulturtiltak. På det aller meste av arealet i Hjelmeland kommune vil planting av lerk og gran føre til auka verdiskaping både for kvar enkelt skogeigar og ikkje minst for samfunnsrekneskapen. I kommunen vil det ikkje vera snakk om skogreising på snau mark. Mykje av furuskogen i kommunen har dårleg kvalitet og treslagsskifte vil auke verdien pr arealeining med inntil ti gonger. Treslagsskifte er god distriktpolitikk!

Kapittel 3

I Hjelmeland kommune og mange andre stader i landet er det fortsatt stort behov for vegbygging. Slik terrengforholda er i kommunen er gode vegløyser eit vilkår for skogsdrift. Dette gjeld enten ein avverkar sjølv eller leiger hogstmaskin, og enten ein driv hogst i naturskog eller kulturskog. Samstundes forenklar det høve til å utføra skogkultur. Ifølgje hovudplanane for skogsvegar er det behov for 30 veganlegg i kommunen. Fleire av desse veganlegga vil kunne løyse ut mykje tilskot etter dagens reglar. Ved å innføre ein 50 % regel for bruk av midlar til skogsvegar vert ordninga lite fleksibel, og handlingsrommet og den lokale påverkinga minkar. Ein føreslår at dette punktet fell

bort. Dersom ein likevel meiner at dette skal gjelda bør det framgå direkte av forskrifta.

Hjelmeland kommune vil samstundes oppmoda om at det vert opna for å nytta skogavgift med skattefordel til byggjing av skogsvegar bygd i vegklasse 3-7 i samsvar med landbruksvegvegnormalane.

Kapittel 5

Det framgår av høyringsutkastet at det ikkje er høve til å ha tilskot til bruk av taubanar. Dette meiner Hjelmeland kommune vil ha utilsikta verknad. Taubanedrift er ei skånsam driftsform, kor alternativet ofte er omfattande vegbyggjing. Dette vil også medføre lågare driftsnetto for skogeigar, og dermed verte oppfatta som ei bandleggjing av ressursane. Ein meiner med bakgrunn i dette at grunnlaget for å unnta tilskot til taubanedrift ikkje er tenleg verken for skogbruket eller miljøforholda.

Til sist finn Hjelmeland kommune det merkeleg at Fylkesmannsembeta får tildelt midlar over tre budsjettpostar, medan kommunane skal få ein felles pott. Det heile vert endå meir uklart når desse midlane skal fordelast på to forskrifter. Det hadde vore meir ryddig å anten samle alt i ein pott eller dele midlane i samsvar med forskriftene gjennom heile forvaltninga. Det er også viktig at kommunane får så store rammer at det vert mogleg å påverke aktiviteten og stimulere til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Ei ordning som medfører meir byråkrati og lite midlar er ikkje tenleg verken for skogeigarane eller kommunane.

Med helsing

Haldis Karine Nilsen
kommunesjef bygdeutvikling

Harald Løland
skogbruksleiar